ALVER
KOMMUNE

Artec AS
Damsgårdsveien 135
5160 LAKSEVÅG

| Referanser: | Saksbehandlar: | Dato: |
|---|---|---|
| Dykkar:<br>Vår: 22/485 - 22/5807 | Hogne Askeland<br>hogne.askeland@alver.kommune.no | 20.01.2022 |

# Svar på spørsmål knytt til avløpsløysing for eigedom gbnr. 341/43 Skarpeneset

Viser til din e-post datert 17.01.22 og telefonsamtale i dag angåande mogeleg avløpsløysing for eigedom gbnr. 341/43 Skarpeneset.

Etablering av avløpsløysing er søknadspliktig etter Forureiningslova/forureiningsforskrifta og etter Plan- og bygningslova.

Alver kommune kan godkjenne utsleppsløyve til minireinseanlegg eller slamavskiljar på denne eigedomen. Slamavskiljar må vere tilstrekkeleg dimensjonert (anbefalt 4m$^3$) og vil krevje tett leidning ut i sjø på minimum 2 meter under lågaste vasstand. Utslepp frå minirenseanlegg kan førast til bekk/grøft med heilårsvassføring

Leidning som kryssar naboeigedom krev samtykke frå grunneigar. Leidning i sjø skal godkjennast av Bergen og omland Farvassforvaltning IKS.

Det må liggje føre avtale med godkjent føretak for tømming av avløpsanlegg med båt/ferje.

Ta gjerne kontakt om du treng meir rettleiing undervegs.

Med helsing
Alver kommune, Miljø og tilsyn

Hogne Askeland
Konsulent

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

**Mottakarar:**

| | | | |
|---|---|---|---|
| Artec AS | Damsgårdsveien 135 | 5160 | LAKSEVÅG |